# KULTUR

www.dalane-tidende.no
epost: tips@dalane-tidende.no

## Over heia til kyrkja

Naturlos Per Spødervold viser sundag veg langs den gamle kyrkjevegen frå garden Moi til Bjerkreim kyrkje. Matpausen blir på Kløgetvedttunet. Sundagens naturlostur følgjer same ruta som ungdomane frå Jæren gjekk eller reid når dei skulle til den årvisse moltepreika. Då kunne dei kjøpa molter som ørsdølane kom til kyrkja med. Etterpå var det gjerne dans på Fjermedalskleiva, som dermed vart ein møteplass for ungdommar i den tida. Det er to forskjellige gamle kyrkjevegar frå Moi, éin nord for og éin sør for Bjerkreimsendaren. Turen på sundag går den søre vegen, om Tysland. Denne meiner Nils Moi er den eldste. Han var som gut med bestefaren Nils, fødd i 1873, og såg på dei oppsette steinane som viser veg over heia (biletet). Frå Tysland går turen ein liten omveg, langs dagens veg, innom Kløgetvedttunet, der ein kan få kjøpt seg mat og kaffi. Deretter held ein fram i terrenget fram til «kakeskaret», som ligg på kanten før ein går ned mot Bjerkreim. Her sette dei i gamle dagar frå seg nista dei skulle ha på heimturen, under ein heller. Det er nå 140-150 år sidan denne halvanna mil lange kyrkjevegen var i bruk. Inklusiv pausar er turen berekna å ta sju timar. Frammøte er ved Bjerkreim kyrkje for buss til Moi. **PS**



## Slåttekveld for 12. gong

**HOVSHERAD:** Lund Historielag arrangerer fredag slåttekveld på Eik for 12. gong. Alle som vil, kan prøva seg med orv og ljå på garden til Karl og Borgny Eik. Dei som heller vil hesja eller laga lauvtjerv, kan det. Det blir òg demonstrasjon av separering av mjølk, slik det blei gjort i gamle dagar. På låven vil bakstekonene stå. Dei skal laga lappar og hellekaker. Det blir òg musikk på låven. Den er det Tom Arne Visland som skal stå for.

## DET SKJER

### Sankthans i kveld

Det blir mange sankthansbål rundt i distriktet i kveld. Skadbergsanden grendehus inviterer små og store til feiring på Skadbergsanden. Det blir musikk og leikar for ungane. Musikk blir det òg under santkhansfeiringa på Dalane Folkemuseum. Det er Hot Club de Norvège som skal spela. Medlemmer av Egersund husflidlag viser korleis ein kan binda seg ein krans av markblomar.
Misjonshuset arrangerer sankthansfeiring i Gådå, mens Sokndal menighet og speidarane tenner bål i Linepollen. Alle er òg velkomne til midtsommarnattsfering på Gya. Det blir det song og musikk og leikar for ungane.
Heskestad og Ualand bygdeutvikling har òg eit opplegg for ungane under feiringa i kveld. Bålet er like ved skulen.
På Moi blir det fleirkulturell santkhansfeiring. Den skal vera ved småbåthamna.
Sogndalstrand Kulturhotell arrangerer òg sankthansfeiring. Det blir rekebuffet og dans i hagen. Det er Santor som skal spela.

### Treskofestival i Hovsherad

Det er Treskofestival i Hovsherad i helga. Arrangørane lokkar med konsertar, slåttekveld, frukost, familieaktivitetar, konkurransar, fotballkamp og marknad.

### Opnar sommarutstilling

Sommarustillinga i Folvik Kafé på Sogndalstrand opnar laurdag. Kunstnaren Erling Reitan vil vera til stades under opninga.

### Open dag i Velferden

Det blir open dag på Velferden på Sandbekk industriområde i Sokndal laurdag. På programmet står talar og allsong, filmvising, dans, basar og utandørs utstilling. Årets kunstnarar er Anna Ihle, Aleksander Andreassen, Hans Edward Hammonds og Nina Jensen. Det går gratis buss frå Vikeså og Egersund.

### Eia les dikt

Laurdag arrangerer Helgåleiren på Ogna «Scenen er din». Bent Eia stiller for å lesa dikt.

### Tur langs gammal kyrkjeveg

Per Spødervoll er naturlos på sundag. Turen følgjer den gamle kyrkjevegen frå Moi ved Buevegen til Bjerkreim kyrkje. Det blir kaffipause på Kløgetvedttunet.

### Ope museum

Privatmuseet på Helleland held ope på sundag. Temaet for utstillinga er kvinners virke.

# Avsluttet skoleåret med tankesport

**Helt på tampen av skoleåret har Eigerøy-elevene på 5., 6. og 7. trinn lært noe nytt, nemlig det spennende spillet bridge.**

**FRØYDIS BREDELI**
froydis@dalane-tidende.no 4000 8532

- Brigde er supergøy, er konklusjonen rundt spillebordet til Tilla Klippen, Regine Østebrød Myklebust, Sunniva Teige og Ane Myklebust. Jentene, som alle fyller 11 i løpet av året, hadde aldri hørt om bridge - før denne uka. Men etter kurset på onsdag var det tydelig at de hadde fått et nytt favorittspill.

- Betyr det at dere vil spille videre etter sommerferien?

### I Hålå til høsten?

Jentenes svar er et klart ja. De vil gjerne spille mer og vurderer å bli med i den nye junioravdelingen i Egersund Bridgeklubb.

Det synes lederen i klubben, Per Martin Pedersen, høres bra ut.

- I brigde får man trening i å tenke og koordinere, det er bra for folk i alle aldre. Vi trenger å få med flere unge, og ser for oss et juniortilbud i Hålå til høsten, sier han.

### Krever oppfølging

Det er nettopp den høye gjennomsnittsalderen til medlemmene som er bakgrunnen for bridgekurset på Eigerøy skole. Mandag, tirsdag og onsdag fikk de tre eldste klassetrinnene både tavleundervisning og praktisk veiledning. Sammen med Marianne Harding fra Norges Bridgeforbund stilte åtte stykker fra den lokale klubben for å være «hands on» når elevene skulle prøve seg.



**HAR DET GØY:** Jentene rundt bordet hadde aldri hørt om bridge før. Nå er det deres nye favorittspill. – Vi lærer å kommunisere uten å vise kortene. Det er veldig kult, synes (f.v.)Tilla Klippen, Regine Østebrød Myklebust, Sunniva Teige og Ane Myklebust. BEGGE FOTO: FRØYDIS BREDELI



**KURS:** Elevene ble kurset både teoretisk og praktisk. Marianne Harding fra Norges Bridgeforbund møtte entusiatiske elever på Eigerøy skole. FOTO: FRØYDIS BREDELI

Harding opplyser at så snart en klubb har klart et bridgeopplegg for barn og unge, reiser hun fra Oslo for å holde kurs. Men de må love å følge opp deltakerne.

### Lærer å samarbeide

- En plan for oppfølging er det eneste kravet, legger hun til og forteller at av alle spill hun har spilt, og det er mange, er bridge det desidert kjekkeste, ja, kjekkere enn poker.

- Man løser problemer, blir kjapp til å regne og lærer å samarbeide og, ikke minst, tolke det skjulte.

> *«Man løser problemer, blir kjapp til å regne og lærer å samarbeide og tolke det skjulte. Det er mye spennende psykologi i brigde.»*
> **Marianne Harding, Norges Bridgeforbund**

Det er mye spennende psykologi i brigde, ifølge Marianne Harding i Norges Bridgeforbund.

### Spiller fenger

Ruth Hope, som har spilt bridge i over 40 år, lover at planen om å danne en junioravdeling i Egersund vil bli satt ut i livet.

- Vi er inspirert av Sandnes bridgeklubb som har hatt kurs på skoler rundt om. Nå ser vi at dette fenger her også. Det er veldig gøy, sier hun.

Arrangørene passet også på å ha med unge spillere som kunne inspirere elevene litt ekstra. Tirsdag var 12 år gamle Anders Brogeland på besøk på skolen. Han ble nordisk juniormester i påsken.



**NY SKATEPARK:** Rektor Magnhild Eia og ordførar Olav Hafstad fekk innvia den nye skateparken på Nygård barneskole. FOTO: PREBEN FORGARD LINDLAND

# Opna etterlengta skatepark

**Torsdag morgon opna den nye skateparken på Nygård barneskole på Moi.**

**MERETE HORPESTAD**
merete@dalane-tidende.no 4000 8534

FAU har stått hardt på for at elevane skal få ein skatepark. Arbeidet begynte i fjor haust.

- Me fann ut at skulen mangla eit tilbod for dei eldste elevane, fortel FAU-leiar Hildegunn Eikeland Vatne.

Etter å ha diskutert saka, kom foreldra fram til at ein skatepark var ein god idé.

- Me drøymde om ein skatepark i betong, men det ville blitt for dyrt for oss, konstaterer FAU-leiaren.

Skateparken som nå er komen på plass, er samansett av fleire ramper. Dei siste rampene kjem i neste veke. FAU har sjølv bidrege med nesten 30.000 kroner til prosjektet. Ein del av kostnadene er dekt med ein pott som var avsett til uteområdet på skulen, og ein del har FAU fått låna av kommunen. Går alt etter planen, skal FAU betala desse pengane tilbake med spelemidlar som kjem til hausten.

FAU har gjort ein stor innsats for å få inn dei bortimot 30.000 kronene.

- Me har selt saft og syltetøy, fortel Hildegunn Eikeland Vatne.

FAU har bedt det lokale næringslivet om støtte, men utan å ha fått den store responsen. Men det er ein del privatpersonar som har gitt pengar til prosjektet.

Ønsket om å få betongpark har FAU spelt inn til kommunen. Politikarane skal nå vurdera om kommunen kan ta seg råd til å byggja ein slik park ein plass på Moi.

Eikeland Vatne håper at alle som liker å skata, bruker skateparken på skulen i mellomtida. Og ho oppfordrar alle som vil skata til å utstyra seg med både hjelm og anna verneutstyr.

- Ver forsiktige! Ha det gøy! Hjelp kvarandre! Ver modige, men ikkje overmodige, helsa FAU-leiaren under opninga torsdag morgon.

# Mer enn musikk og sceneshow

**Treskofestivalen i Hovsherad inviterer til konserter, slåttekveld, frokost, familieaktiviteter, konkurranser, fotballkamp og marked.**

**SYLVIE A. SKADBERG**
sylvie@dalane-tidende.no 993 27 490

- Vi starter fredag kveld med slåttekveld på gården til Karl Eik. I fjor utgikk slåttekvelden fra programmet på grunn av skadene etter Synne-flommen. Vi er veldig glade for at dette populære tilbudet nå er tilbake, sier Oddveig Rusdal Omdal, leder i Hovsherad vel og bygdeutvikling.

Historielaget er også på plass fredag. De baker kaker og servere kaffemat til alle som deltar i slåtten.

### – Ta ungene med!

- Det blir også konsert denne kvelden. Lothepus står på scenen. I år valgte vi å åpne fredagskonserten for hele familien. Det henger sammen med at mange barn og unge har ytret ønske om å få være med på Lothepus-konsert. Vi lager derfor et eget, avgrenset familieområde inne på konsertplassen ved skolen, forteller Rusdal Omdal.

### Bare å snu seg

Lørdag morgen dekkes det opp til frokost på langbord utenfor nærbutikken.

- Deretter går dagen slag i slag med familiekonsert, aktiviteter og ansiktsmaling for ungene, markedsplass med nærmere 50 utstillere, sandvolleyballturnering og også fotballkamp mellom Hovsherad og Tonstad, sier hun.

Så snart fotballkampen er ferdigspilt, åpnes konsertplassen ved skolen.

- I år blir det satt opp to scener her. Dermed kan vi kjøre live musikk hele kvelden. Når én konsert er slutt, trenger publikum bare å snu seg for å få med seg neste artist, forteller hun.

### Under tak, om nødvendig

De nærmere 50 utstillerne, som har meldt sin interesse for å være med på Treskofestivalen, får plass under et telt som settes opp på parkeringsplassen til Eik treskofabrikk.

- Vi har nok av telt vi kan sette opp andre steder også, om det skulle bli nødvendig, forsikrer vellagslederen.

Heller ikke søndagen skal folk i Hovsherad måtte kjede seg.

- Søndag blir det guidet formiddagstur i Hovsherad. Disse turene har vært svært populære å være med på og de er også lagt opp slik at de avsluttes i middagstid og like før det blir konsert med Hvite Lilje. Dette er en gratiskonsert, men de som ønsker kan gi penger til prosjektene den veldedige organisasjonen driver for barn i Myanmar. På scenen står Steven Kvinlaug, Jan Egil Omdal, Kjell Elvis Bjørnestad og Ove Frøytlog. Det er disse som får avslutte årets Treskofestival, smiler Oddveig Rusdal Omdal.



**FOLK VIL TIL HOVSHERAD:** Oddveig Rusdal Omdal forteller at billettsalget er godt i gang. – I år har vi opplevd større pågang enn noen gang tidligere. Det lover godt for årets festival, sier hun. FOTO: SYLVIE A. SKADBERG